

## Tilråding

### Forskrift om vern av Loftesnes naturreservat, Sogndal kommune, Vestland

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx.2021 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfaldlova) § 34, jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

#### § 1. (føremål)

Føremålet med naturreservatet er å ta vare eit område med edellauvskog med særleg betydning for biologisk mangfold i indre fjordstrøk. Området består av rasmask med rik edellauvskog og frodig blandingslauvskog i låglandet der store, gamle lindetre og hassel dominerer, og furu veks høgare til fjells. Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i best mogleg tilstand, og at mangfaldet av artar og livsmiljøa deira skal få utvikle seg mest mogleg naturleg.

#### § 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Sogndal kommune: 1/12, 2/2, 2/5, 2/6 og 2/11.

Naturreservatet dekker eit totalareal på 623 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet ..... Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Sogndal kommune, hos Statsforvaltaren i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

#### § 3. (verneregler)

I naturreservatet må ingen gjera noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande verneregler:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp inkludert lav, eller delar av desse frå naturreservatet. Planting eller sång av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyreliv, medrekna reirpllassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødig forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkledningar, bygging av vegar, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling og lagring av masse, utføring av kloakk eller anna form for forureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske utryddingsmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

#### § 4. (generelle unntak fra vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Sanking av bær, nøtter og matsopp.
- b. Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- c. Beiting.
- d. Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt.
- e. Forsiktig rydding av småbusk (under 2 cm diameter) og kvist i etablerte siktgater i samband med storviltjakt.
- f. Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- g. Vedlikehald av eksisterande jaktbu, brønn, gjerde og andre anlegg og innretningar i samsvar med tilstand på vernetidspunktet.
- h. Varsam rydding av eksisterande sti merka på vernekartet.
- i. Utsetting av saltstein i samband med beiting som omtalt i § 4c.
- j. Bålbrann med tørrkvist fra bakken eller medbrakt ved i samsvar med gjeldende lovverk.

- k. Drift og vedlikehald, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg i og inntil verneområdet.

#### **§ 5. (regulering av ferdsel)**

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorisert ferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Utanom stien avmerka på vernekartet er bruk av sykkel, hest og kjerre, samt riding forbode.

#### **§ 6. (generelle unntak fra reglane om ferdsel)**

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsverksemd, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver som er bestemt av forvaltingsstyresmakta.

Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Naudsynt motorferdsel for uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som nyttast skal vere skånsam mot markoverflata. Det skal sendast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b. Naudsynt uttransport av felt storvilt med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c. Landing og start med Forsvarets luftfartøy.
- d. Naudsynt motorferdsle i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi - og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsmynde.

#### **§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)**

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a. Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3d.
- b. Istandsetting, vedlikehald og naudsynt skjøtsel kring kulturminne.
- c. Tiltak i samband med forvalting av vilt.
- d. Uttransport av felt elg og hjort med anna motorisert ferdslle enn lett beltekøyretøy nemnt i § 6 b.
- e. Merking og rydding av nye stiar.
- f. Oppsetting av gjerde.
- g. Nødvendig motorferdsel i samband med drift og vedlikehald, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftlinje.
- h. Naudsynt sikringsarbeid i samband med førebygging av skred og ras ned mot busetnad og veg.
- i. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar etter § 4 f og g og § 7 b, f og h.

#### **§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)**

Forvaltingsstyresmakta kan gjere unntak fra forskrifta dersom det ikkje stirr mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

#### **§ 9. (skjøtsel)**

Forvaltingsstyresmakta, eller den forvaltingsstyresmakta bestemmer, kan gjennomføre tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstand som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

#### **§ 10. (forvaltingsplan)**

Det kan utarbeidast forvaltingsplan med nærmere retningsliner for forvalting av naturreservatet. Forvaltingsplanen kan innehalde nærmere retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

**§ 11. (*forvaltingsstyresmakt*)**

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltingsstyresmakt etter denne forskrifta.

**§ 12. (*ikraftsetjing*)**

Denne forskrifta trer i kraft straks.